

Bompengepakken Stord Vestside

Søknad om utviding av bompengeperioden med 2 år

Prosjektomtale

Etter initiativ frå Stord kommune er det utarbeida ein søknad i samarbeid mellom Stord og Fitjar kommunar og Statens vegvesen om forlenging av bompengeperioden med to år på ferjesambandet E39 Halhjem – Sandvikvåg til finansiering av opprusting av fv 545 i Stord og Fitjar kommunar.

Oppsummering

I 2012 vedtok Stortinget å vidareføre innkrevjingsperioden på ferjesambandet E39 Halhjem – Sandvikvåg med ytterligere to år til 1. januar 2015 for å gjennomføre fire prosjekt på fv 545. Det har vist seg at det ikkje er tilrådeleg å utbetre Sagvåg bru slik ein såg for seg i Prop. 149 S (2011-2012). Ny bru er kostnadsrekna til 11,5 mill. kr. eksklusiv mva. Planen for opprusting av strekninga Rimbareid – Vik er oppdatert og følger gjeldande vegnormal. Det er òg lagt opp til ei standardheving for strekninga over kommunegrensa med planlagt gul midtstripe på heile den aktuelle strekninga. I høve til kostnadsoverslaga i Prop. 149 S (2011-2012) medfører opprustinga ein kostnadsauke. Statens vegvesen tilrår at utbetringar på fv 545 gjerast i samhøve med gjeldande vegnormal.

Bakgrunn

Gjennom handsaminga av Prop. 1 (2001-2002) slutta Stortinget seg til delvis bompengefinansiert utbetring av delstrekningar på E39 på Stord mellom Borevik og Sandvikvåg. Bompengane skulle krevjast inn på riksvegferjesambandet Halhjem-Sandvikvåg, med eit påslag på 5 takstsoner, på ferjebillett. Innkrevjinga starta opp 1. januar 2002. Innkrevjingsperioden var opphavleg fastsett til 6 år, til utgangen av 2008. Det var lagt opp til at utbetringa skulle finansierast med 50 % bompengar og 50 % statlege midlar. Bompengeperioden blei seinare utvida med fire år til utgangen av 2012, jf. Prop. 1 S (2009-2010).

I 2012 vedtok Stortinget å vidareføre innkrevjingsperioden på ferjesambandet E39 Halhjem – Sandvikvåg med ytterligere to år til 1. januar 2015, slik at samla bompengeperiode vart 13 år. Jf. Prop. 149 S (2011-2012). Midlane skulle gå til opprusting av fv 545 og tiltak i Fitjar sentrum:

1. Strekninga Fitjar sentrum – Rimbareid
2. Utbetring av Sagvåg bru
3. Utbetring av ei strekning over kommunegrensa mellom Stord og Fitjar.
4. Strekninga Rimbareid – Vik

I Prop. 149 S (2011-2012) vart kostnadene for dei fire prosjekta rekna til 68 mill. 2011 kr. Grunnlaget for kostnadstalla er lista opp i tabell 1:

Tabell 1: Kostnader henta frå grunnlaget til Prop. 149 S (2011-2012)

Kostnader	Mill. 2011-kr.
Fitjar sentrum - Rimbareid - breiddeutviding	27,00
Sagvåg - utbetring av bru	5,00
Kommunegrensa - breiddeutviding	9,00
Rimbareid - Vik - breiddeutviding	27,00
Sum	68,00

Av den samla kostnaden på 68 mill. kr. var berre 59 mill. kr. finansiert. I proposisjonen var det poengtert at kostnadsoverslaget bar med seg stor uvisse og at reguleringsplanane skulle reviderast.

Tiltaka var planlagt finansiert med bompengar og med fylkeskommunale midlar jamfør tabell 2.

Tabell 2: Budsjettert finansiering i Prop. 149 S (2011-2012)

	Mill. 2011-kr.
Budsjettert bompenginntekt 2013 - 2014	41,00
Forskottering Midtfjellet Vindkraft AS	10,00
Forskottering Hordaland Fylkeskommune	7,50
Sum finansiering tom 2014	58,50

Status

Opprustinga av strekninga Fitjar sentrum – Rimbareid er i hovudsak gjennomført som planlagt. Hittil er det gått med 20,8 mill. kr. til opprustinga. Det står att noko restarbeid i Fitjar Sentrum. Dette er kostnadsrekna til om lag 5,25 mill. kr. utan mva.

Statens vegvesen tilrår at det vert bygd ny bru på Sagvåg, i staden for at eksisterande bru vert utbetra. Eksisterande bru er i for dårleg stand til at Vegvesenet vil tilrå ei utviding av brua slik tidlegare tenkt. Det er gjennomført kostnadsoverslag for dei to prosjekta Rimbareid – Vik og strekninga over kommunegrensa ved bruk av ANSLAG-metoden. Overslaga er frå september 2013 og er utarbeidd med ei uvisse på $\pm 10\%$. Det vert lagt opp til at strekninga Rimbareid – Vik vert utbetra til å følge gjeldande vegnormal. I grunnlaget til Prop. 149 S (2011-2012) vart det lagt opp til å utbetre nokre av svingane på strekninga over kommunegrensa. Vegvesenet tilrår at ein i staden utbetrar eit strekk på 1500 meter dimensjonert for 80 km/t.

1. januar 2013 avvikla regjeringa ordninga med fritak for meirverdiavgift for omsetting av tenester som gjeld offentleg veg og bane. Opphevinga av fritaket for meirverdiavgift inneber at det skal bereknast ordinær meirverdiavgift ved omsetning av tenester til offentleg veg. Det må være ein føresetnad at fylkeskommunen dekkjer all meirverdiavgift, sidan fylkeskommunen får att avgifta gjennom kompensasjonsordningar. Dei nye kostnadsoverslaga med og utan mva. er vist i tabell 3:

Tabell 3: Kostnadsoverslag attståande prosjekt - 2013-kr.

Kostnader	Mill. kr.	Mva.	Med mva.
Sagvåg Bru	11,50 ¹	2,88	14,38
Rimbareid - Vik	38,24	7,04	45,28
Kommunegrensa	24,97	5,52	30,49
Restarbeid Fitjar sentrum	5,25	1,75	7,00
Attståande kostnader	79,96	17,19	97,15

Hordaland fylkeskommune er bompengeselskap for innkrevjinga. I 2012 vart det kravd inn 22,7 mill. kr. brutto på E39 Halhjem Sandvikvåg. Prognosen for 2013 tilseier ei bompenginntekt i storlek 23,5 mill. kr. Om ein legg til grunn at gjennomsnittleg trafikkvekst på 2,4 %, som er likt med

¹ Det føreligg ikkje ANSLAG for Sagvåg bru. Kostnadsanslaget er eit byggherreoverslag.

gjennomsnittleg trafikkvekst i perioden 2008 – 2012², held fram til 2016 vil bompengeneinntektene i 2014 bli på 24mill. kr., i 2015 er forventa bompengeneinntekt 24,5 mill. kr. og i 2016 forventast det ei bompengeneinntekt på 25 mill. kr.

Strategi utan utviding av bompengeperioden til og med 2016

Det er ikkje tilstrekkeleg midlar i pakken til å bygge Rimbareid – Vik fullt ut i tillegg til Sagvåg bru slik det vart skissert i Prop. 149 S (2011-2012). I samarbeidet mellom Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune og kommunane Stord og Fitjar representert gjennom Kontaktutvalet for Stord vestsida, er det utarbeidd ei prioriteringsliste for dei prosjekt som inngår i pakken. Sagvåg bru har første prioritet, Rimbareid – Vik har andre prioritet. Dersom forlenging av bompengeperioden ikkje vert vedtatt vil ein byggje ny bru på Sagvåg og så utbetre strekninga Rimbareid – Vik så langt ein kjem med attståande midlar. Det vil mangle om lag 5,5 mill. kr. til bygging av Rimbareid – Vik.

Tabell 4: Tilgjengelege midlar utan forlenging av bompengeperioden

	Mill. 2013-kr.
Prognose for bompengeneinntekter til og med 2014	47,50
Forskottering Midtfjellet Vindkraft AS	10,00
Forskottering Hordaland Fylkeskommune	7,50
Tilgjengelege midlar	65,00
Kostnader Fitjar sentrum – Rimbareid	20,80
Sagvåg bru	11,50
Disponibelt til Rimbareid – Vik	32,70
Kostnad Rimbareid – Vik	38,24
Manglande finansiering	-5,54

Med dei nye kostnadsoverslaga vert avstanden mellom det som var målsettinga å få realisert i Prop. 149 S (2011 – 2012) og det som ein faktisk får til innanfor dei gjeldande rammene stor jamfør tabell 3 og tabell 4. Kommunane Stord og Fitjar har gått inn for at ein skal søkja Stortinget om å få forlenga bompengeperioden med to år slik at innkrevjinga vert utvida til og med år 2016. Dette medfører at innkrevjingsperioden samla blir på 15 år frå oppstarten 1. januar 2002.

Grunnlaget for å kunne utvide innkrevjingsperioden med ytterlegare to år er at ordninga kan tilfredsstille dei vilkår som er omtalt i nytteprinsippet:

Nytteprinsippet

I St.meld. nr. 26 (2012-2013) kap. 6.4.1.2 omtalast *nytteprinsippet*; samanhengen mellom betaling av bompengar og nytten av bompengane. Nytteprinsippet inneber at dei som betalar bompengar skal ha nytte av vegprosjektet bompengane finansierer. Likeeins skal dei som har nytte av prosjektet vere med å betale.

Gjennom behandling av Prop. 149 S (2011-2012) godkjende Stortinget at utbetring av fire delprosjekt på fylkesveg 545 på vestsida av Stord skulle delfinansierast med bompengar kravd inn på E39 Halhjem - Sandvikvåg. Bruken av bompengar til opprusting i Fitjar sentrum og på fv 545 vart dels

² Se kapitlet *Trafikkgrunnlag* side 6

grunngeve ut frå at fv 545 er einaste omkjøringsveg for E39 når den er stengt og at deler av trafikken på ferjesambandet Halhjem-Sandvikvåg kjem frå Fitjar.

Trafikkmålingar viser at i høve til nytteprinsippet vil 15 % av dei som betalar bompengar på E39 Halhjem – Sandvikvåg få dagleg direkte nytte av utbetringane på fv 545. Ved stenging av E39 vil alle trafikantar kunne dra nytte av fv 545. Det er òg slik at ikkje alle som nyttar fv 545 betalar bompengar, då reisande lokalt på Stord ikkje vil verte kravd for bompengar. Det er berre dei som nyttar ferje som betalar bompengar. Før Prop. 149 S (2011-2012) vart vedteken vart alle innkravde bompengar på ferjesambandet E39 Halhjem – Sandvikvåg nytta til tiltak på E39. Det medfører at trafikantane frå fv 545, som utgjør 15 prosent av betalande kjøretøy på E39 Halhjem - Sandvikvåg, ikkje hadde nytte av bompengeneinnkrevjinga som starta 1. januar 2002 før tiltaka på fv 545 vart innlemma i pakken. Dette talar for at deler av innkravde bompengar kan nyttast til utbetring av fv 545.

I dag er fv 545 einaste omkjøringsveg for E39 over Stord når E39 må stengast. Dagens fv 545 er ikkje dimensjonert for å kunne ta unna trafikkmengda som går på E39 ved ein eventuell stenging. Ved stenging vil tryggleiken for gåande og syklende verte svekka, då fylkesvegen i dag i tillegg til å vere smal, stort sett manglar gang- og sykkelveg. I dei planane som no ligg føre er det eit mål å gjere vegen tryggare for gåande og syklende ved å etablere gang og sykkelveg langs vegen på strekninga Rimbareid - Vik. Så lenge det er trafikk ved stenging av E39 som utgjør den største risikoen for trafikktryggleiken på fv 545, vil det vere rimeleg at det blir nytta bompengar til utbetring av fv 545.

Samferdselsdepartementet kunngjorde i brev til Vegdirektoratet av 20.12.13 at framtidig E39 skal leggjast til midtre trasé med bru over Bjørnafjorden som ein del av prosjektet *Ferjefri E39*. Etableringa av midtre trasé over Stord vil medføre ei framtidig auke i trafikken over Stord, noko som igjen medfører auka belastning på fv 545. Opprustinga av omkjøringsvegen for E39 er difor endå viktigare no enn ved stadfestinga av Prop. 149 S (2011-2012) for to år sidan.

Tiltaka skissert i Prop. 149 S (2011-2012) lar seg ikkje finansiere utan ei utviding av innkrevjingsperioden. Målet om å gjere fv 545 til ei trafiksikker omkjøringsveg for E39 kan ikkje realiserast utan at dei opphavlege prosjekta vert gjennomført. Ein slik bruk av bompengar bør vere i tråd med nytteprinsippet.

Strategi med utviding av bompengeperioden til og med 2016

Ved å forlenge bompengeperioden med to år på ferjesambandet E39 Halhjem – Sandvikvåg frå 1.1.2015 til 31.12.2016 vil bompengeinntektene for pakken auke med 49,5 mill. 2013-kroner.

Tabell 5: Finansieringsplan ved utviding av bompengeperioden

	Mill. 2013-kr
Bompenginntekter til og med 2014	47,50
Fylkeskommunal løyving	17,50
Bompenginntekter 2015 – 2016	49,50
Sum finansiering	114,50
Megatte kostnader Fitjar – Rimbareid	20,80
Tilgjengelege midlar	93,70

Ved ei utviding av bompengerevninga til og med 2016 vil den opphavlege bompengepakka skissert i Prop. 149 S (2011-2012) vere mogleg å realisere. Ein vil då kunne byggje ny bru på Sagvåg, utbetre strekninga Rimbareid – Vik med tilhøyrande gang- og sykkelveg samt utbetre strekninga over kommunegrensa. I følge denne planen vil det vere att midlar til restarbeidet i Fitjar sentrum ved ei utviding av bompengeperioden. Det vil òg vere midlar til å utbetre ei kurve og eit kryss knytt nært opp til Sagvåg bru. Prosjektet omtalast i det følgjande som Sagvåg sentrum.

Investeringsplan

Det er lagt opp til at prosjekta i pakken blir gjennomført i løpet av ein periode på 3 år. I tabell 6 under er det sett opp ein investeringsplan for dei fire attståande prosjekta i bompengepakken.

Tabell 6: Investeringsplan

Årlige investeringar utan mva. (millionar 2013-kr.)				
	2014	2015	2016	2014 - 2016
	12 %	41 %	47 %	100 %
Sagvåg bru	11,50	0,00	0,00	11,50
Rimbareid - Vik	0,00	38,24	0,00	38,24
Kommunegrensa	0,00	0,00	24,97	24,97
Restarbeid Fitjar sentrum	0,00	0,00	5,25	5,25
Sagvåg sentrum	0,00	0,00	13,74	13,74
Sum	11,50	38,24	43,96	93,70

Omtale av prosjekta i prioritert rekkefølje

1. Sagvåg bru

Statens vegvesen har vurdert Sagvåg bru på nytt og har sendt eit drøftingsnotat til Kontaktutvalet som tilrår at eksisterande bru ikkje vert rusta opp. Eksisterande bru er frå 1937 og sjølv om den er forsterka i seinare tid er den i for dårleg stand til at Vegvesenet vil tilrå ei utviding av brua slik tidlegare tenkt.

Ein ser for seg at det vert naudsynt å byggje ny bru på Sagvåg innan dei næraste 25 åra då brua er dimensjonert for ei levetid på 100 år. Om dagens bru skal fortsette som bru for kjøretøy må nytt rekkverk installeras og dekket må skiftes ut. Ved å byggje ny bru sparer ein Hordaland fylkeskommune for utgifter til vedlikehald av brua.

Vegvesenet tilrår at ein byggjer ny bru med to kjørefelt og fortau på austsida av brua. Dagens bru har eit kjørefelt og det vert lagt opp til at den vert omklassifisert og vert nytta som gang- og sykkelveg. Det er mogeleg i ein seinare fase å rive dagens bru på Sagvåg og bygge ei ny bru for gåande og syklende på vestsida av ny Sagvåg bru. Ei slik gang- og sykkelbru er kostnadsberekna til 1,5-2 mill. 2013-kr, men vil ikkje verte byggja som ein del av denne bompengepakka. Det vert lagt opp til at ein framtidig gangveg langs vatnet vil kunne passere under brua. Bygging av ny bru på Sagvåg føreset at det verte oppnådd minnelege løysingar med tre grunneigarar som må avstå grunn. Slik minnelig løysing vart oppnådd 28.11.13.

Fylkeskommunen vil løyve mildar til busslommer nord for Sagvåg bru utanom denne bompengepakken. Trafikkteljingar viser at årstdøgntrafikk (ÅDT) over Sagvåg bru er 5500 kjøretøy i 2013.

2. Rimbareid – Vik

Tiltaket er å utbetre eksisterande veg til tofelts veg med gang- og sykkelveg langs vegen. Strekninga er anbefalt skilta som 80 sone. Det inneber krav til breidde og skilje mot gang- og sykkelveg. Vegvesenet anbefaler av økonomiske omsyn at ein vel ei løysing med 12,75 m breidde og open grøft mellom vegen og gang- og sykkelvegen. ÅDT på strekninga er på 1700 kjøretøy i 2013.

3. Strekninga over kommunegrensa

Strekninga går over kommunegrensa mellom Fitjar og Stord kommunar og går forbi Rydlandssagen. Eksisterande veg er skilta med 80 km/t, har lav vegbreidde, dårlig sikt og dårlig horisontalkurvatur. Prosjektet over kommunegrensa består av ca. 1500 meter med utbetring av eksisterande fylkesveg med vegbreidde på 7,5 meter. ÅDT på strekninga er 1700 kjøretøy i 2013.

4. Restarbeid Fitjar sentrum

Opprustinga av strekninga Fitjar sentrum – Rimbareid er i hovudsak gjennomført. Det er gått med 20,8 mill. kr. til opprustinga. Det står att noko restarbeid i Fitjar Sentrum. Dette er kostnadsrekna til om lag 5,25 mill. kr utan mva.

5. Sagvåg sentrum

Ved å utvide bompengepakka i to år vil det i tillegg til dei opphavlege prosjekta, vere mogleg å utbetre strekninga Sagvåg bru – Sagvåg sentrum. Prosjektet er kostnadsrekna til 13,74 mill. kroner. I pakken vil prosjektet ha lågast prioritet og vil dermed bli det første prosjektet det blir kutta i dersom det blir kostnadsoverskridingar i dei andre prosjekta i pakken med høgare prioritet. Det er lagt opp til at følgjande tiltak blir gjennomført:

- Tiltak 1. Utvide ei kurve mellom Sagvåg sentrum og Sagvåg bru og byggje fortau på strekninga der dette er manglande i dag.
- Tiltak 2: Etablere rundkjøring ved kryss til fv 66.
- Tiltak 3 og 4: Skilting til 40 km/t og etablering av miljøtiltak


Prioriteringsliste for bompengepakker

Stord vestsida er ei bompengepakke der omfanget av utbygginga må tilpassast den økonomiske ramma. Dersom kostnadene for nokre av prosjekta/tiltaka aukar, vil dette innebere at andre prosjekt ikkje blir bygde. Dersom prosjekta blir rimelegare enn rekna med, vil det bli plass til fleire prosjekt/tiltak i pakka.

Over er prosjekta lista i prioritert rekkefølje, og det er lagt opp til at prosjekta med lågast prioritet skal kuttast frå pakken for å finansiere ei eventuell kostnadsauke i andre prosjekt. Dersom kostnadane aukar og/eller inntektene vert lågare enn prognostisert vil prosjektet med lågast prioritet kuttast.

Trafikkgrunnlag

I 2012 var ÅDT på E39 Halhjem – Sandvikvåg 2493 kjøretøy. Det er registrert ein gjennomsnittleg auke i ÅDT i perioden 2007 – 2012 på 3,8 %. I perioden 2008 – 2012 var gjennomsnittleg trafikkvekst 2,41 %. Trafikktejingar viser at trafikken til og frå Fitjar utgjer i storleiksorden 15 % av trafikken på ferjesambandet. Årsdøgntrafikken på fv 545 er om lag 1700 kjøretøy. Utviklinga i trafikken på Halhjem – Sandvikvåg er framstilt i figuren under:



Bompengeopplegg

Samferdselsdepartementet viser til at E39 er ein del av TEN-T-vegnettet (Trans European Transport Network). For nye bompengeprosjekt på TEN-T-vegnettet kan ikkje rabatten for tunge kjøretøy (kjøretøy med tillaten totalvekt over 3,5 tonn) vere meir enn 13 pst. Ei utviding av bompengeinnkrevjinga på Halhjem – Sandvikvåg blir vurdert som eit nytt bompengeprosjekt i denne samanhengen, og vil vere underlagt den nye ordninga. For å tilfredsstillte Eurovignettdirektivet er all rabatt på bompenge tatt bort.

I dagens takst- og rabattsystem på E39 Halhjem – Sandvikvåg, der bompengepåslaget er fem takstsonar som utgjer 28 kr., kan ein oppnå 50 % rabatt ved forskotsbetaling. For å oppretthalde nivået på bompengeinntektene føreslås det at bompengepåslaget frå 1. januar 2015 blir tre takstsonar utover takstsone 22, utan rabatt på bompengepåslaget. Med eit bompengepåslag på tre takstsonar, som utgjer kr. 17, og ordinær ferjetakst på kr. 188³ blir summen av ferjebillett utan rabatt og bompenge for ein personbil opp til 6 meter inkludert førar 205 kr.

Forslag til revidert takst- og rabattsystem vil bli lagt fram for lokale myndigheiter før Vegdirektoratet fattar et nytt takstvedtak.

Innkrevjingskostnader

Årlige innkrevjingskostnader er 1 % av brutto bompengeinntekter og utgjør om lag 0,2 mill. kr. pr. år. Det er føresett at innkrevjingskostnadane vil halda fram på same nivå òg med ein utviding av pakken.

³ Gjeldande pris for takstsone 22 frå 1.1.2014.

Utbyggingsplan

Det er lagt opp til ein utbyggingsplan som sikrar at prioriterte prosjekt vert fullført. Det leggjast opp til at ein starter bygginga av ny Sagvåg bru i 2014. Byggeperioden er anslått til om lag eit år. For Rimbareid – Vik er det forventa byggjestart ved årsskiftet 2014/tidleg 2015. Forventa byggeperiode er eit år. Antatt byggjestart for strekninga over kommunegrensa er 2016, og forventa anleggsperiode er òg her rekna til eit år. Det vert lagt opp til byggjestart for restarbeidet i Fitjar sentrum og tiltaka i Sagvåg sentrum i 2016.

Tilråding

Statens vegvesen region vest tilrår at Hordaland fylkeskommune sluttar seg til bompengesøknaden frå kommunane Fitjar og Stord om utviding av bompengeperioden for ferjesambandet E39 Halhjem – Sandvikvåg til 1. januar 2017 der bompengepåslaget blir tre takstsoner utover takstzone 22, utan rabatt på bompengepåslaget frå 1. januar 2015.

Saksgang

Når vedtak ligg føre frå Hordaland fylkeskommune vert søknaden sendt Statens vegvesen ved Vegdirektoratet for vidare handsaming og utforming av proposisjon til Stortinget.